

Rapport

«Leik og moro 3.-4. trinn»

1. Kor mange barn var påmeldt, og kor mange møtte? Dersom kurset var over fleire dagar, kor mange møtte på dei ulike dagane? *Det var 15 born påmeldt. Alle møtte.*
2. Kor mange assistentar deltok frå vidaregåande, og kor mange timar jobba dei kvar?
2 assistenter frå VGS som deltok i 3,5t kvar.
3. Kva var innhaldet i kurset?
Kurset handla om det å vere i fysisk aktivitet på ulike måtar, f.eks gjennom leik og samarbeid. Ungane fekk teste ulike former for aktivitet, f.eks fellesleikar i salen, trening med enkelt utstyr i salen, yoga, teste ut treningsapparater me har på senteret, etc. Me hadde også felles lunsj med tomatsuppe!
4. Gav barna nokon tilbakemelding på korleis dei opplevde kurset?
Det var positive tilbakemeldinger frå dei borna som svarte når me spurte korleis det hadde gått.
5. Kva ynskjer du/de at barn og unge skal sitte att med etter å ha delteke på kurset?
Me ynskjer at dei skal sitte igjen med ein opplevelse av å ha fått gjort noko anna ein dag, prøvd noko nytt. At dei kan kjenne på det å leike og herje, vs. Roe ned og kjenne etter. Me ynskjer at dei skal få eit godt forhold til aktivitet, og at dei skal sjå at det er gøy både for born og vaksne. Me vil også at dei skal føle seg ivaretatt, sett og inkludert.
6. Kva erfaringar har de gjort dykk med kurset? Kva fungerte bra, og kva kunne ha vore løyst annleis (òg med tanke på kommunen si rolle)? Kan de tenke dykk å delta på dette fleire gangar om muligheten er der?
Me syns det gjekk veldig bra, og det var kjekt å vere saman med borna. Denne gongen testa me ut å dele gruppa i fleire små grupper deler av dagen, og deretter lot dei rullere. Det fungerte veldig godt, og er ein erfaring me vil ta med oss om me skal gjere dette igjen. Me vil absolutt delta på dette om moglegheiten byr seg på eit seinare tidspunkt.
7. Andre kommentarar

Send gjerne bilder om du har teke nokre!

Bilder kan ein sjå på vår Facebookside Nr1 Fitness Osterøy